



Hundvin Eiendom AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2670 - 17/29602

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
13.10.2017

Førebels svar - trong for tilleggsinformasjon - gbnr 56/156 Hundvin

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedomar
Byggjestad: Gbnr: 56/156
Tiltakshavar: Hundvin Eiendom AS
Ansvarleg søkjar: Hundvin Eiendom AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 30.08.2017.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig.. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Skjema 5155, gjenpart av nabovarsel, manglar, og må sendast inn til oss.
2. Nabovarselet er sendt 22.08.2017. Søknaden er mottatt 30.08.2017. Frist for nabovarsel på 14 dagar er 05.09.2017. Vi ber om at det gjer greie for om det ligg føre merknadar til varsla tiltak og evt. kommentarar til evt.nabomerknadar.
3. Det er i søknad ikkje dokumentert at vatn- og avlaup for parsellane er sikra. Det må liggje føre avtale som sikrar dei nye parsellane rett til veg, vatn og avlaup over gbnr. 56/156 jf. pbl §§ 27-1, 27-2 og 27-4.
4. I søknadsdokumenta er det vist til at tomt 50 skal frådelaast. Slik vi forstår søknaden så gjeld dette tomt 38 på plankartet. Vi ber om skriftleg attendemelding på dette.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **03.11.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.



Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av <plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1/forvaltningslova § 11a.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hundvin Eiendom AS Blombakken 1 5911 ALVERSUND

Mottakarar:

Hundvin Eiendom AS Blombakken 1 5911 ALVERSUND